


ØSTERØY KOMMUNE



KOMMUNEDELPLAN

FOR

IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV

2008-2019

Sak til formannskap/heradsstyre 10.12.08

FORORD

Idrett og fysisk aktivitet er det området som engasjerer flest menneske i fritida. Dette stiller krav til aktiv samfunnplanlegging for å ivareta desse interessene i arealforvaltninga, og for å få til fornuftig tilrettelegging og organisering av dei ulike aktivitetane.

For å oppnå dette vert det stadig viktigare å utvikla gode planar som politiske styringsverktøy for utviklinga innanfor idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Gjennom planane skal området verta gjenstand for klare behovsvurderingar i høve til dei mål samfunnet har.

Osterøy kommune har eit godt organisert idrettsmiljø med Idrettsrådet som er kontaktledd mot kommunen. Innan friluftsliv er det ikkje tilsvarende ordning, men grendaråda er ein aktiv pådrivar for å få lokale anlegg for fysisk aktivitet.

Det å tilrettelegga for uorganisert fysisk aktivitet er ei utfordring for kommunen.

Heradsstyret vedtok "Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og naturopplevingar 2004 - 2015" den 17.12.2003, og dette er ei revidering av denne planen med forlenging av planperioden fram til 2019..

Denne planen er laga ut frå Kulturdepartementet som rettleiar for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet.

SAMANDRAG

Handlingsprogrammet syner at trongen for anlegg er sterkt aukane i høve til siste planrevisjon. Talet på uprioriterte anlegg har auka frå 12 til 25. Det er positivt at idretten også ønskjer anlegg som skal nyttast til uorganisert aktivitet. Frivillig arbeid i bygdene våre ser ut til å vera inne i ei positiv utvikling.

Sjølv om kommunen ikkje har vore nokon pådrivar for å leggja til rette for fysisk aktivitet, så er det viktig at det vert gjort det som gjerast kan for å hjelpa dei som vil ta eit tak.

Fylkesdelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv har som motto "aktiv kvar dag", og dette vil også vera ambisjonar for Osterøy kommune.

INNHALD

1	INNLEIING OG BAKGUNN FOR PLANEN.	5
1.1	Kommuneplan.	5
1.2	Kommunedelplan	5
1.3	Nasjonale mål	5
1.4	Definisjonar	6
2.	UTVIKLINGSTREKK I OSTERØY KOMMUNE.	6
2.1	Befolkning	6
2.2	Folkehelse og aktivitet.	7
2.3	Tilhøvet til lag og organisasjonar	7
2.4	Bruk og vedlikehald av anlegg	8
2.5	Økonomi	8
3	IDRETTS- OG FRILUFTSPOLITIKK.	8
3.1	Utfordringar for kommunen	8
3.2	Mål og strategiar	8
3.3	Kommunedelplan, mål og bindingar	9
3.4	Kommunale tilskot	9
3.5	Kommunale retningslinjer	9
3.6	Generelle prioriteringsvilkår	10
3.7	Prioriteringsvilkår nærmiljøanlegg	10
3.8	Prioriteringsvilkår filuftsliv og aktivitetar	10
3.9	Kommunale prioriteringar	10
4	RESULATVURDERING TIDLEGARE PLAN	10
4.1	Status idrettsanlegg	11
4.2	Status nærmiljøanlegg	11
4.3	Status friluftsliv	11
5	PLANPROSESSEN	12

6	KVA HAR VI I DAG	13
6.1	Nærmiljøanlegg	13
6.2	Mindre kostnadskreivande anlegg	13
6.3	Ordinære idrettsanlegg	13
6.4	Friluftsområder	14
7	ANALYSE AV TRONG FOR AKTIVITET OG ANLEGG	14
7.1	Fullføring av planlagte anlegg.....	15
8	HANDLINGSPROGRAM FOR ANLEGG OG OMRÅDER	15
8.1	Handlingsprogram	15
8.2	Langsiktig del – uprioritert liste.....	15
8.2	Handlingsprogram 2008 - 2011	15
9.	KART	17
10.	OPPLYSNING OM TILSKOTSORDNINGAR OG FRISTAR.....	17
10.1	SPELEMIDLAR	17
10.2	FYLKESKOMMUNALE MIDLAR TIL NÆRMILJØTILTAK	17

1. INNLEIING

1.1. Om plan og planarbeid

Osterøy kommune utarbeidde i 1995 ” *Kommunedelplan for idrett og friluftsliv* ” 1996-2007. ”

Denne planen hadde ei hovudrullering i 2003 og vart vedteken som ” *Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og naturopplevingar 2004-2015*. Kommunedelplanen skal rullerast kvart år der mindre endringa i planen kan gjerast, medan den skal reviderast kvar 4. år med ein total gjennomgang av planen.

Planen skal syna korleis kommunen vil leggja til rette for innbyggjarane slik at det vert høve til å driva med idrett og friluftsliv, og at anlegga får tilgang på *spelemidlar*.

Heradsstyret gjorde 20.06.07 vedtak om å revidera planen med vekt på fylgjande tema:

- evaluering av gjeldande plan med statusoversikt
- mål for kommunen sine prioriteringar i arbeidet med idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- prioritert handlingsprogram for utbygging /sikring/tilrettelegging dei næraste 4 år med overslag over kostnader og finansiering
- samanheng mellom kommunedelplan og overordna kommuneplan og økonomiplan

1.2 Kommuneplan

Plan og bygningslova krev at kommunane skal driva fortløpande planlegging for å samordna den fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklinga innan sine område. Dette skjer gjennom kommuneplanen som er kommunen sitt overordna styringsverktøy.

Kommuneplanen har ein skriftleg del og ein arealdel. Skriftleg del er retningsgjevande for kommunen sin politikk i planperioden. Arealdelen viser noverande og framtidig arealdisponering og er saman med føresegnene juridisk bindande.

Planperioden er 12 år, og minst ein gong kvart 4. år skal heradsstyret vurdere kommuneplanen samla og sjå om det er naudsynt å gjera endringar i planen.

1.2 Kommunedelplan

Kommunedelplan for idrett , fysisk aktivitet og friluftsliv er først og fremst eit politisk styringsdokument for dei felt planen dekkjer. I tillegg skal kommunedelplanen vera grunnlag for administrasjonen sitt arbeid innan idrett og friluftsliv..

Planen er ein tematisk plan utan bindande rett for disponering av areal. Anlegg som er med i handlingsplanane må knytast opp mot arealdelen av kommuneplanen eller reguleringsplanar dersom det skal vera juridisk bindande.

1.3 Nasjonale mål for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Mål og rammer for den nasjonale politikken vert formidla gjennom stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer og anna. Vektlegging på folkehelse, samfunnsbygging og kvardagsaktivitetar og sentrale føringar.. Med fokus på *fysisk aktivitet* vert spørsmålet kva slags anlegg og tilrettelegging ein treng for å aktivisera folk flest.

” Idrett og fysisk aktivitet for alle” er overordna mål for statleg idretts- og helsepolitikk.

” Alle skal ha høve til å driva med friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande

og miljøvenleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles”, strategisk mål i friluftsmeldinga.

Fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2002-2005, hovudmål:

” Alle i Hordaland skal ha høve til og bli stimulert til å utøve idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv etter eige ønskje, trong og føresetnad i sitt eige nærmiljø.”

1.4 Definisjonar og klassifisering av anlegg og område.

Idrett: Fysisk aktivitet knytt til organisert aktivitet i form av konkurranse eller trening.

Fysisk aktivitet: Eigenorganisert trening og mosjon som friluftaktivitetar og leik.

Friluftsliv: Opphald og aktivitet i friluft og natur med sikte på miljøendring, positive opplevingar og nærleik til naturen.

Idrettsanlegg: Område, stad eller anlegg som på grunn av plassering og utforming er eigna for idrettsleg aktivitet.

Nærmiljøanlegg: Enkle anlegg eller område lagt til rette for uorganisert fysisk aktivitet i, eller direkte tilknytning til bustadområde, primært for barn og unge. Områda skal vera fritt allment tilgjengeleg.

Ordinære idrettsanlegg: Anlegg som har rett til spelmidlar og nært knytt til konkurranse- og treningsverksemd for idrettsorganisasjonane.

Friluftsområde: Oftast uregulerte, større område omfatta av allemannsretten. Gjerne i privat eige. LNF-område i arealdelen til kommuneplanen.

Friområde: Tiltak som kan få spelemidlar t.d. tursti, turveg, lysløype, parkanlegg og liknande.

2. UTVIKLINGSTREKK I OSTERØY

2.1. Befolkningstal

Osterøy kommune hadde 7186 innbyggjarar pr. 01.01.2007. Folketalet er om lag uendra sidan 2003. Frå 2006 til 2007 syner folketalet ein nedgang på 0,5%, og den kjem for aldersgruppene under 16 år og over 79 år.

SSB sin prognose for folketalet i Osterøy syner ein auke på om lag 2,2% frå 2007 til 2010, og 2,7% frå 2010 til 2015.

Alder	2006	2007	2007- Prognose	2010	2015	2020	2025
0- 5 år	573	549	578	582	594	623	645
6-15 år	1107	1085	1098	1080	1050	1070	1114
16- 66 år	4530	4539	4581	4697	4777	4804	4873
67-79 år	585	599	592	613	772	942	1013
Over 80 år	429	414	408	371	346	350	400

2.2. Folkehelse og fysisk aktivitet

Fysisk aktivitet er ein føresetnad for god helse. Fysisk aktivitet i oppveksten vil ha langsiktige helseverknader. Samanhengen mellom fysisk passivitet og vanlege helseplager er godt dokumentert. Eit generelt utviklingstrekk er at folk er for lite *aktive i kvardagen*.

Det ligg ikkje føre nokon livsstilskartlegging for Osterøy, men reknar ein med at det er her som andre stader kan følgjande nemnast:

Barn (6 – 12 år.)

Barn er mindre fysisk aktive enn før. Skal barna delta i fysisk aktivitet, tek dei buss eller vert køyrde til og frå. I vår kommune har det vore dårleg med gang og sykkelvegar mellom bustad og aktivitetsområder. Barn som er allsidig aktive i eit utemiljø har betre evne til konsentrasjon og læring.

Ungdom (13-19 år)

Eit generelt trekk er at det er i denne aldersgruppa det er størst fråfall innan idrett og fysisk aktivitet. Det er likevel ting som tydar på at denne trenden har flata ut dei siste åra, men det ligg ikkje føre sikre målingar i Osterøy.

Vaksne

Aktiviteten til vaksne i den organiserte idretten er om lag uendra. Bilen er vår beste ven, og parkeringsplassane vert for få utanfor treningssenter og idrettshall.

Aukane problem med fedme, diabetes, og sjølvpåførte livsstilsjukdomar vert registert også i vår kommune.

Utfordringane på dette feltet er mange. Den einskilde innbyggjar må få lyst til å vera fysisk aktiv. Neste steg vert å konkretisera kva som må gjerast for å leggja til rette for meir fysisk aktivitet i kvardagen.

2.3. *Tilhøvet til lag og organisasjonar*

I Osterøy er det lag og organisasjonar som planlegg og driv kulturaktivitetar, anlegg og område. Kommunen yter tilskot til drift og vedlikehald av idrettsanlegg. Laga tek ofte på seg store oppgåver i høve investeringar og drift, noko som kan bli tungt for eldsjeler og for lagskassa. I denne situasjonen er det viktig å utvikla spelereglar for tiltak som treng areal og ventar offentlege tilskot.

Å finna aktivitetar som engasjerer barn og unge er ei stor utfordring. Det same gjeld planlegging for trendar og flyktige interesser. Sjølv om nokre nyaktivitetar kan bli døgnfloger, kan dei likevel vera eit godt tilbod til grupper som søker nye aktivitetar utanom den organiserte idretten. Idealet for barne- og ungdomstiltak er ein kombinasjon av fysisk utfordring og sosial møteplass.

Alle idrettslaga i kommunen vert representerte ved Idrettsrådet i Osterøy (IRO). All kontakt mellom laga og kommunen skal gå via IRO. Idrettsrådet skal handsame, prioritera og samordna idrettslaga sine planar på kort og lang sikt. Dette inneber i praksis at IRO er eit rådgjevane organ når det gjeld idrett i kommunen.

Friluftslivet har ikkje organisert på Osterøy. Til no har IRO hatt oppgåva med å handsama prioritering av friluftslivsplanlegg.

2.4 Bruk av anlegg

Fylkesdelplanen utfordrar kommunane om å gje barn og unge fri bruk av kommunale anlegg for idrett og friluftsliv. I handlingsprogrammet er det frå 2004 oppretta eit nytt tilskott til fri bruk av Osterøyhallen for barn og unge under 19 år alle skuledagar fram til kl. 19.00.

Elles er det laga som driv og disponerer anlegga.

2.5 Økonomi

Interessa for anleggsutbygging er stor. Spriket mellom offentleg økonomi og ynskjer synes aukande. Det vert difor viktig å vurdera kostnader ikkje berre ved etablering, men og ved drift og vedlikehald av eksisterande og planlagde anlegg. For lite vekt på vedlikehald vil på sikt gje store rehabiliteringskostnader og i verste fall føra til tilbakebetaling av spelemidlar.

Retningslinjer og vilkår for spelemidlar og andre statstilskot endrar seg frå år til år, noko som gjer det vanskeleg å planleggja.

3. DRETTS- OG FRILUFTSPOLITIKK

Utfordringar for kommunen

Ein av dei største utfordringar for Osterøy kommune i åra som kjem, er å leggja til rette for vekst i folketalet. I eksisterande kommuneplan står følgjande arealstrategiar:

- prioritera bustadbygging i sentrumsområda
- utnytta eksisterande infrastruktur
- fortetting i eksisterande bustadområde
- ta omsyn til topografi og kulturlandsskap og hindra nedbygging av LNF-område
- sikra høveleg næringsareal for eksisterande verksemdar og for nyetableringar

Osterøy kommune har hatt ein svært trong økonomi dei siste åra, og er difor avhengig av at talet på innbyggjarar aukar. Idrett og friluftsliv er ein del av tilbodet til dei som bur i kommunen, og det er viktig at det vert lagt til rette for slike aktivitetar. Derfor er det viktig å

- syta for at det er gode areal og anlegg for idrett og friluftsliv der folk bur
- få fleire folk til å driva med fysisk aktivitet
- få eit godt samspel mellom det offentlege og dei frivillige lag/organisasjonar
- prioritera barn, unge og funksjonshemma
- utvikla nye tilbod for fysisk aktivitet

3.2 Mål og strategiar

Mål:

- Osterøy kommune skal leggja tilhøva til rette for at folk i alle aldersgrupper får høve til fysisk aktivitet og naturopplevingar ut frå eigne føresetnader og behov.
- I planperioden skal barn og unge prioriterast.
- Det er eit overordna mål at anlegg og friluftsområde har *universell utforming*, dvs vert brukelege og tilgjengeleg for alle.
- Utvikla tilbodet til den uorganiserte aktiviteten i nærmiljøa.
- Informera om naturgrunnlag, tilgjenge og aktivitetar.

Strategiar:

- Styrt utbygging av anlegg og tilrettelegging for idrett og friluftsliv etter mål og plan.
- Sikre tilstrekkeleg areal og område for friluftsliv, idrett og lek og samordna arealbehova.
- Følgje opp rikspolitiske retningslinjer for barn og unge gjennom avsetting av areal og bygging av anlegg.
- Klarleggja ansvarstilhøve mellom kommunen, grunneigarar og lag når det gjeld utbygging og drift av anlegg og område.
- Sjå til at det vert teke geografiske omsyn ved plassering av anlegg, særleg nærmiljøanlegg.
- Utarbeida nytt kommune- og friluftskart.
- Nytta Idrettsrådet som samarbeidspart
- Få på plass organ som kan arbeida for friluftslivet.

3.3 Kommunedelplanen, mål og bindingar

Kommunedelplanen vedteken etter plan- og bygningslova inneheld mål og bindingar. Måla handlar om intensjonar, medan plikter kommunen tek på seg vil vera bindande:

- kostnadskrevjande anlegg – dersom andre enn kommunar/fylkeskommunar står som utbyggjar, vert det kravd dokumentasjon for både finansiering og drift.

Dette inneber at midlar knytt opp til eit prosjekt som får avslag på spelemidlar, i røynda vert fristilte. Kommunen kan difor kvart år fordela midlar som er avsette på fond til spelemiddelprosjekt, samt midlar vedteke nytta i komande budsjettår til innkomne og godkjende søknader i samsvar med dei prioriteringar heradsstyre gjer.

Her er det ulike omsyn: fleksibilitet i planen tilseier fristilling, medan omsyn til kontinuitet og påreknelig sakshandsaming tilseier at løyvingar i føregåande år som ein hovudregel fylgjer prosjekt dei først var avsette til. Unntak vil vera dersom eit prosjekt vert stoppa.

3.4 Kommunale tilskot – vilkår og sum.

I Osterøy har praksis vore at kommunen har ytt 25% av spelemiddeltilskotet der kommunen eig anlegget.

Kommunelova set forbod mot å løyva investeringsmidlar til tiltak i privat eige. Tilskot til private utbyggjarar må følgeleg løyvast over driftsbudsjettet. Der er det ikkje avsett midlar. Fleire søknader om spelemidlar gjeld tiltak i privat eige..

3.5 Kommunale retningslinjer.

1. Ved årleg rullering av handlingsplanen, er hovudregelen at gjenståande prosjekt som ikkje er realisert skal prioriterast neste år. Kommunen skal innhenta tilråding frå Idrettsrådet.
2. Anlegg som alt har fått positivt vedtak om statlege spelemidlar skal prioriterast.
3. Som hovudregel skal kommunalt tilskot betalast ut samstundes med spelemidlar. Dersom eit prosjekt er ferdigstilt og teke i bruk før spelemidlar vert betalt ut, kan det kommunale tilskotet betalast ut tidlegare. Prosjektet må vera godkjent for spelemidlar.
4. Osterøy kommune vil oppmoda private utbyggjarar om ikkje å setja i gang utbygging før lovnad om forventa økonomisk stønad frå kommune/stat er klarert, og anlegget er teknisk godkjent.
5. Osterøy kommune kan ikkje forskottere statlege spelemidlar til prosjekt som utbyggjar har sett i gang på eiga hand. Utbyggjar må bera den økonomiske risikoen.
6. Nye tiltak på anlegg i kommunal eige krev politisk handsaming før oppstart.

3.6 *Generelle prioriteringsvilkår*

1. Nærmiljøanlegg, anlegg for leik, mosjon og friluftsliv, skal prioriterast uavhengig av idrettsanlegg når det ligg føre konkrete søknader.
2. Rehabilitering av eldre og nedslitne anlegg vert prioritert etter søknad for å kunna dekke endra krav til bruk og funksjon. Framtidig trong for anlegget må dokumenterast.
3. Både eksisterande og nye anlegg bør tilfredsstillere fleire alders- og brukargrupper og såleis kunne fungere som sosiale treffstader. Anlegga skal ha ei universell utforming.
4. Ved prioritering av nyanlegg for kommunalt tilskot må behovet dokumenterast. Har kommunen andre tilsvarande anlegg, kva aldersgrupper vil nytta anlegget, i kva grad vil anlegget aktivisera inaktive? Vidare må anlegget ha godkjent teknisk plan, kostnadsoverslag, og plan for finansiering og drift.

3.7 *Prioriteringsvilkår nærmiljøanlegg.*

1. Anlegg ved bustadfelt som har heilskaplege planar for anlegg og omgjevnad og tilkomst til bustader, grønne korridorar og friområde.
2. Fleksible anlegg retta inn mot barn og unge lagt til eksisterande samlingsplassar som skular, barnehagar og kulturbygg.
3. Anlegg som siktar mot breidde i aktivitetar, gjerne større anlegg i sentrumsområde som kan byggjast ut i fleire steg.
4. Kommunen må sjå til at det vert teke geografiske omsyn ved plassering av anlegg.

3.8 *Prioriteringsvilkår friluftsliv og -aktivitetar.*

1. Ny, oppdatert utgåve av kommune- og friluftskartet for Osterøy.
2. Tilrettelegging for kvardagsaktivitetar for alle. Korte/ lengre turar nær bustadområda som folkestiar, barnetrakk orientering m.v.
3. Betra tilgang til sjø og vatn for fiske, bading og båtliv.
4. Tilrettelegging ved innfallsportar til dei store friluftsområda i kommunen.
5. Informere om tilbod, tilrettelegging og aktivitetar gjennom Servicekontoret i kommunen.
6. Satsing på nye aktivitetar for å få med personar og grupper dei som er lite fysisk aktive.

3.9 *Kommunale prioriteringar.*

Søknadane skal grupperast og prioriterast innan aktuelle stønadsgrupper og plasserast i handlingsprogram eller på uprioritert liste:

Stønadsgruppene er:

- Ordinære anlegg og rehabilitering skal no prioriterast under eitt.
- Nærmiljøanlegg - (mindre kostnadskrevjande anlegg treng ikkje prioritering)
- Friluftsliv

4. RESULTATVURDERING TIDLEGARE PLAN

Rettleiaren tilrår evaluering med vekt på måloppnåing og resultatvurdering ved inngang til ny planperiode. Sentralt står spørsmålet om planen som styringsreidskap – i kva grad politiske vedtak og prioriteringar samsvarar med vedteken plan. Å evaluera to planperiodar ville føre for langt. Gjennomgangen er difor i hovudsak avgrensa til nosituasjonen og KRISS-registra i del 3.

4.1 *Status idrettsanlegg.*

Sentralidrettsanlegget på Hatland er i dag rehabilitert med naturgrasbane og løpebane med fast dekke. Automatisk vatningsanlegg er også på plass. Osterøy Stadionbygg er utvida med lagerrom, møtelokale og stemmekontor..

Til vatningsanlegg og stadionbygg er det ikkje kome tilsegn om spelemidlar enno.

På Furubakken er det lagt kunstgras og anlegget fekk tilsegn om spelemidlar i 2007 og 2008.

Osterøy skyttarlag har fått ferdig skyttarhus og elektroniske skyteskiver på Austre Kleppe.

Osterøy Klatreklubb har fått sett opp ein klatrevegg i Osterøyhallen.

Planlagde idrettsanlegg.

Osterøy IL har søkt om bygging av avlastningsbane med kunstgrasdekke til Osterøy Stadion.

Vidare er det framleis aktuelt å leggja kunstgras på grusbanene i Fotlandsvåg og Haus.

Anleggsplanen for Hordaland Fotballkrets av februar 2003 konkluderer på si side med at banesituasjonen i kommunen vil vera tilfredsstillande med avlastningsbane på Hatland og rehabilitering til kunstgras på eksisterande grusbaner.

Skihytta på Rolland treng og rehabilitering.

Osterøy Fjordhestlag planlegg ridehall på Rolland.

4.2 *Status nærmiljøanlegg.*

Nærmiljøanlegg vert gjerne rekna som viktigaste rekrutteringsanlegg til fysisk aktivitet. Slike anlegg har tradisjonelt vore lagt til nærområda - skule og bustad.

Valestrand Grendaråd har fått på plass ballbinge i Haldorsvika.

Planlagde nærmiljøanlegg.

Bruvik Grendaråd søkjer om midlar til tilrettelegging for friluftsliv med turveg, badeplass frå Knausatun til framtidig friområde Eidsvika.

Lonevåg Grendaråd har omfattande planar for område Hatland - Husavatnet. Utbygginga er tenkt etappevis med turstiar, bading og leikeareal. Sandvolleyballbane og badeplass med tilkomstvegar er prioritert.

Haus Grendaråd ynskjer å opparbeida turveg ved Mjeldavatnet og ballbinge.

Valestrand Grendaråd vil ha sandvolleyballbane ved Haldorsvika Valestrandvatnet. Prosjekta inngår i områdetiltaket Vakre Valestrand.

Osterøy Idrettslag søkjer tilskot til skileikanlegg Rolland.

Osterøy Ungdomsskule ynskjer å byggja opp at miniatyrskytebane i kjellaren på skulen.

Fotlandsvåg Grendaråd og Fotlandsvåg IL ønskjer å byggja leikeanlegg og balløkke.

Målet er nærmiljøanlegg ved skular og sentrale bustadområde i alle delar av kommunen.

Nærmiljøanlegg bør så langt det er råd ut frå areal og lokalisering av bustadområde plasserast i tilknytning til skular og barnehagar slik at anlegga kan brukast på dagtid og fritid. Unntak er anlegg for skileik og liknande.

4.3 *Status friluftsliv.*

Osterøy har vide utmarksområde med stor variasjon i naturtypar og tilgjenge.

Kommunen har valt å ikkje gå inn i interkommunale friluftsråd. Ansvar for forvaltning og drift ligg difor til kommunen. I praksis står kommunen gjerne for planlegging og søknader om statstilskot, medan grunneigarar og lag tek hand om opparbeiding og drift. På dette feltet har det vore svært mange aktørar og mange tilskotsordningar.

Prioriterte tiltak i handlingsprogrammet av 2003 er ikkje gjennomført:

Det er bygd turstiar og aktivitetsløype på Valestrand, på Hatland og i Fotlandsvåg.

Fleire krinsar står att når det gjeld sikring/opparbeiding av friluftsområde ved sjø/vatn:

Kart og informasjon.

Kommune- og friluftskart for Osterøy vart produsert i 1997 i eit opplag på 3000. I 2000 vart det gjennom interkommunale samarbeid laga Fiske- og friluftskart for Osterfjord. Det er utarbeidd fleire lokale turkart.

Osterøy Sogelag ga i 2003 ut "Osterøy til fots - kulturhistoriske vandringar." Boka som har ein fyldig kartdel, samanfatar kunnskap om landskap og ferdselsårer i kommunen.

Kommune – og friluftskartet er utselt. Utarbeiding av nytt og oppdatert kart har første prioritet i stønadsgruppa friluftstiltak.

5. PLANPROSESSEN

Planfase	Organ/aktør	Tid
Vedtak om rullering av plan	Heradsstyret	20.06.07
Kunngjering av oppstartsvedtak	Bygdanytt	26.06.03
Melding om oppstartsvedtak /saksutgreiing	Skriv til høyringsinstansar	13.08.07
Offentleg utlegging	Frist for merknader til oppstartsvedtak	25.09.07
Ope møte om planen	Kunngjering og skriv	25.10.07
Frist for innmelding av innspel		27.10.07
Vedtak om utlegging	Heradstyret	19.12.07
Utlegging til offentleg ettersyn	Frist for merknader til planframlegg – 40 dg.	
Vedteken plan	Formannskap/ heradsstyret	

Innspel og merknader

Merknader til oppstartsvedtaket :

Dato	Høyringsinstans	Innhald
29.08	Haus Grendaråd	Planlagt ballbinge i Haus
12.09	Fylkesmannen, landbruksavd.	Unngå bruk av dyrka og dyrkbar mark. Knyta saman friluftsliv og landbruk
15.09	Valestrand/Hjellvik FK	Ønskje om anlegg på uprioritert liste
24.09	Lonevåg Grendaråd	Grindabygg 1000-års plass
24.09	Bruvik Skule	Anlegg kring skulen
24.09	Hjellvik IL	Nærmiljøanlegg
25.09	Osterøy undomsskule	Miniatyrskyttebane
11.10	Fylkesmannen. miljøvern avdelinga	Handlingsprogram for folkehelse 2007-2008 Sikring av friluftsområde. Barnetrakkregistrering.

Innspel i planprosessen:

Dato	Høyringsinstans	Innhald
08.11	Bergen Turlag	

Merknader til planframlegget:

Dato	Høyringsinstans	Innhald
15,01	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale om planframlegg

6. KVA HAR VI I DAG

6.1 Nærmiljøanlegg, ordinære.

Stad	Kategori	Type	Eigar	ÅR	SM	KT
Bruvik	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg	Bruvik skule	2000	195.000	
Bysheim		Ballplass	Bysheim grendaråd	1997	73.000	20.000
Hamre	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg	Foreldrerådet Hamre skule	1997	53.000	20.000
Hamre	Friluftsliv	Tursti	Foreldrerådet Hamre skule	1998	100.000	
Hjellvik	Aktivitetsanlegg	Sandvolleyballbane	Hjellvik Grendsråd	1998	122.000	
Mjøsdalen	Aktivitetsanlegg	Ballplass	Mjøsdalen Idrettslag	2000	138.000	35.000
Lonevåg	Aktivitetsanlegg	Ulike småanlegg	Osterøy Ungdomsskule	2002	200.000	100.000
Tysse	Aktivitetsanlegg	Ballplass	Foreldrerådet	1997	31.000	10.000
Valestrand	Aktivitetsanlegg	Ballbinge	Osterøy Kommune	2006		

6.2 Mindre kostnadsnivående nærmiljøanlegg.

Stad	Kategori	Type	Eigar	År	SM	KT
Rolland	Hestesportanlegg	Ridebane	Osterøy Fjordhestlag	2003	40.000	-
Valestrand	Tursti		Osterøy kom.	2006		
Fotlandsvåg	Tursti		Fotlandsvåg grendaråd			

6.3 Ordinære anlegg

Stad	Kategori	Type	Eigar	År	SM	KT
Bruvik	Fotballanlegg	Grusbane	Bruvik IL	1982		
Bruvik	Fleirbrukshus	Idretts-/kulturhus	Knausane UL	1996	895.000	
Bruvik	Fleirbrukshus	Idrettsgarderobe	Knausane UL	1997	280.000	
Bruvik	Fleirbrukshus	Innandørs skyteb.	Knausane UI	1997	402.000	
Fotlandsvåg	Fotballanlegg	Fotball grusbane	Fotlandsvåg IL	1996	660.000	
Fotlandsvåg	Friidrettsanlegg	Friidrett grusbane	Fotlandsvåg IL	2001	162.000	
Fotlandsvåg	Grusbane	Flomlys -rehab.	Fotlandsvåg IL	1997	176.000	
Fotlandsvåg	Idrettshus	Rehab.	Fotlandsvåg IL	1998	171.000	
Haus	Idrettsplass	Fotballanl.grusb.	Osterøy Komm	1972		
Haus	Friidrettsanlegg	Friidrett grusbane		1972		
Haus	Idrettshus		Hausvik FK	1994	640.000	
Haus	Haus Stadion	Flomlys rehab.	Hausvik FK	1998	159.000	
Hjellvik	Fotballanlegg	Fotball- grusbane	Hjellvik IL	1985		
Lonevåg	Fotballanlegg	Grusbane	Osterøy Komm	2001		
Lonevåg	Friidrettsanlegg	Kunstsdekke	Osterøy Komm	2005		
Lonevåg	Idrettshus		Osterøy IL	1991		
Lonevåg	Fleirbrukshall		Osterøy Komm	1998		
Lonevåg	Klatrevegg	Innandørs	Osterøy klatrek	2006		

Rolland	Skianlegg	Skiløype	Osterøy IL Skigruppa	1993	420.000	
Rolland	Skianlegg	Skiløype rehab.	Osterøy IL Skigruppa	1997	359.000	
Valestrand	Friidrettsanlegg	Grus løpebane	Osterøy komm			
Valestrand	Fotballanlegg	Kunstgrasbane	VHFK	2006	1500000	
Valestrand	Idrettshus	Klubbhus	Osterøy komm	1983		
Vare	Skianlegg	Skiløype	Fotlandsvåg IL	2000	570.000	

6.4. Friluftsområde ved sjø og vatn

Registreringar som skriv seg frå idretts- og friluftsplenen 1995 og frå kystsoneplanen vil bli oppdaterte. Omgrepet *opparbeidd* kan vera tiltak på ulike nivå og grad av ferdigstilling.

Lokalitet	Planstatus	Merknad
Eidsvika, Bruvik	Friområde	
Søre Leikneset	Friområde	
Skålevika	Friområde	
Kreklå	Friområde	Opparbeidd
Sanatoriet, Mjeldavatnet	Friområde	Sikra og opparbeidd
Votlo	Bustadområde	Kai/naustmiljø
Votløyni	Naturområde	Hekkeplass for sjøfugl
Klokkarneset, Hamre	Friområde	Opparbeidd
Sandalsklubben	Framtidig friområde	Naustmiljø med bakland
Hjellvikvåg	LNF – område	Grunneigaravtale, opparbeidd
Ingridvika, Raknes	LNF-område	
Storholmen, Raknes	LNF- område	
Borgavatnet	LNF-område	
Grønnevikane	LNF – område	
Hoshovdeknappen	LNF-område	
Sperneset, Mjøs vågen	Friluftsområde	Opparbeidd
Børo, Hosanger	LNF-område	
Badeplass aust for Saltverket	LNF-område	
Hanstveitholmane	Framtidig friområde	
Kleppsvatnet	LNF-område	Opparbeidd
Kleppsvågen	LNF-område	
Svenevika, Lonevåg	Friområde	
Klubben, Geitheim	LNF-område.	
Husavatnet, Lonevåg	Friområde	
Selvika, Storavatnet	Friområde, Regional verdi	Sikra og opparbeidd

7. ANALYSE AV TRONG FOR AKTIVITET OG ANLEGG

Arbeidet med oppgradering av sentralidrettsanlegget har vore det mest kostnadskreivande prosjektet i dei siste åra. Til saman kostar prosjektet omlag 20 mill. og største kostnaden, avlastningsbane, står att.

Omlegging av fotballbana på Valestrand frå grus til kunstgras har og vore eit stort prosjekt som kosta om lag 4,5 mill.

7.1. Fullføring av planlagde anlegg

Kunstgrasbane Hatland.

Eit vilkår for at det kom spelemidlar til omlegging av Osterøy Stadion frå grus til naturgras var at det skulle byggast ei avlastningsbane knytt til sentralidrettsanlegget. Fotballgruppa i OIL har dei siste 5 åra hatt store utfordringar pga liten banekapasitet. Det er gjeve tilsagn om kr.500.000 i 2008, og bana skal vera klar til bruk våren 2009.

Lys Osterøy Stadion.

Lysanlegget her er over 20 år gammalt, og dette er forventa levetid for slikt utstyr. Elektrikar tilrår at nytt anlegg kjem på plass.

Ridehall Rolland.

Fjordhestlaget har i mange år planlagt ridehall. Det er aukande interesse for denne sporten, og eit slikt anlegg gjer at fleire kan aktivisera seg.

8. HANDLINGSPROGRAM FOR AKTIVITET OG ANLEGG

Plandelen omfattar eit 4-årig handlingsprogram knytt til økonomiplanen og ein langsiktig del med 12-årsperepektiv.

8.1. Handlingsprogram

Det er eit vilkår at anlegg som skal ha rett til spelemidlar må finnast i handlingsprogrammet. For anlegg som kjem inn i planen i 4-årsbolken, krevst det førehandsgodkjenning, vedtak om utbygging og fullfinansiering. Dersom kommunalt tilskot inngår i finansieringsplanen, skal midlane vera avsette i gjeldande økonomiplan.

Årleg rullering av handlingsprogram og økonomiplan skjer parallelt.

Prosjekt kan gå ut av handlingsprogrammet dersom dei ikkje lenger er aktuelle. Dette kan bety skrinlegging eller overføring til lista for uprioriterte tiltak. Prosjekt frå uprioritert liste kan førast over i handlingsprogrammet etterkvart som dei vert godkjende og finansierte.

Vesentlege endringar av handlingsprogrammet i planperioden vil krevja full rullering etter plan- og bygningslova.

8.2. Langsiktig uprioritert liste

Langsiktig del er ei uprioritert liste med 12-årsperspektiv, noko som opnar for visjonar og kreativ tenking. Like fullt må langsiktig del sjåast i samanheng med kommunen si overordna planlegging. Når det gjeld arealplanlegginga, må det særleg takast omsyn til pressområde og nye utbyggingsområde. Behovsanalyse vil stå sentralt.

8.3. Handlingsprogram 2008 - 2011

Det økonomiske grunnlag for handlingsprogrammet er Økonomiplan 2008-2011 og årsbudsjett 2008, vedtekne i heradsstyret.

1. ÅRSBUDSJETT 2008:

Kr. 400.000,- går til drift og vedlikehald av anlegg og til energi. Det er Idrettsrådet som har fordelelt midlane til anlegga.

2. ØKONOMIPLAN 2008-2011, :

INVESTERINGAR	2008	2009	2010	2011	Merknad
Vedtekne tiltak 2008:					
Lys- og vatningsanlegg Osterøy stadion	250 000				
Nye investeringar:					
Andre investeringar:					
Kommunal del spelemiddelsøknader	250 000	250 000	250 000	250 000	

HANDLINGSPROGRAM 2008-2011**Prioritert for spelemidler og kommunale tilskot 2009:****A Ordinære anlegg**

Priorit- et nr.	Søklar og anlegg	Kommunale løyvingar 2008-2011
1	Osterøy Idrottslag, kunstgrasbane Fugledalen	
2	Osterøy Idrottslag oppgradering klubbhus	
3	Osterøy Idrottslag, automatisk vatningsanlegg Ost. Stadion	kr. 83.000
4	Osterøy Idrottslag, rehabilitering av lysanlegg Osterøy Stadion	kr. 167.000
5	Osterøy Fjordhestlag – ridehall på Rolland	
6	Fotlandsvåg IL – omlegging frå grus til kunstgras Fotlandsvåg	

B Ordinære nærmiljøanlegg

Prioritert nr,		Kommunale løyvingar 2008-2011
1	Fotlandsvåg IL – ballplass ved Fotlandsvåg idrettsplass	
2	Hjellvik IL - ballbinge	
3	Valestrand Grendaråd - sandvolleyballbane	

C Friluftstiltak

Tiltak	Kommunale løyvingar i 2008 - 2011
Nytt revidert kommune- og friluftskart	

Langsiktig uprioritert liste 12 år

Ynskjer og innspel i ikkje prioritert rekkjefylgje:

1. Nærmiljøanlegg i alle krinsar og ved større nye bustadområder.
2. Nye anleggstypar for barne- og ungdomsaktivitetar.
3. Osterøy Ungdomsskule, miniatyrskytebane
4. Aktivitetsanlegg Hjellvik
5. Skytebane Bruvik Skyttarlag
6. Rehabilitering av skihytte Rolland.
7. Kunstgras Haus Idrettsplass.
8. Skileikanlegg Rolland.

9. Rehabilitering av trialløypa på Litland.
10. Lysløype Hole-Kosssdalen.
11. Klubbhus med garderobeanlegg på Valestrand
12. Avlastningsbane med kunstgras Valestrand
13. Ballbinge ved Valestrand skule
14. Ballbinge på Loffås
15. Ballbinge på Reigstad
16. Ballbinge på Hamre
17. Fotballbane i Haugeregionen
18. Idrettshall
19. Symjebasseng
20. Grusing av bana på Bruvik
21. Hinderløype på Bruvik
22. Turstiar i tilknytning til sentralidrettsanlegget.
23. Utviding av Osterøy hallen, ekstra garderobesett
24. Utviding av Osterøyhallen, større sal og kultursal.
25. Tilbygging til Osterøyhallen m/lager for hallen og kunstgrasbana.

9. KART OG REGISTRERINGAR

Alle anlegg som kjem under spelemiddelordninga vert registret i eit sentralt register. Dette registeret ligg på nettstaden www.idrettsanlegg.no. Registeret høyrer inn under Kulturdepartementet.

10. OPPLYSNING OM TILSKOTSORDNINGAR OG FRISTAR.

10.1. Spelemidler

Tilskotsordning	Vilkår og søknadsfrist.
Ordinære anlegg Ordinære nærmiljøtiltak	Søknader skal vera prioritert i handlingsprogrammet. Frist til kommunen 20. september
Mindre kostnadskrevjande nærmiljøtiltak	Søknader inngår ikkje i handlingsprogrammet, men skal sendast til kommunen for kartfesting og gjennomgang. Ikkje søknadsfrist.

10.2 FYLKESKOMMUNALE MIDLAR TIL NÆRMILJØTILTAK

Fylkeskommune har dei siste år hatt midlar til mindre kostnadskrevande nærmiljøanlegg. Dette er anlegg som har ei kostnadsramme på inntil kr. 80.000 og tilskotet er på 50%.

Det er også andre tilskot å søkja på, og desse vert utlyst etter kvart.

Søknader frå lag og organisasjonar skal sendast gjennom kommunen.

Servicekontoret i rådhuset vil ha oppdatert informasjon om tilskotsordningane.